



Nøkkelpersonar i flytte- og innreiingsjobben: Gunn Mari Moberg og Johan Ringdal frå SPAR

**Dei som trur at det var ein relativt enkel dugnad som måtte til for å få alt i den utvida SPAR-butikken på plass må tru omatt. I dag var jobben med innflyttinga på topp, og 70 var i arbeid med det. Dei kom frå fleire stader i landet. Leverandørane var godt representert, likeeins kjedefolk og så kom sjølvsagt lokale handverkarar, tilsette og familie. Då uskedalen.no var innom i ettermiddag vart vi vitne til ein imponerende og tydelegvis godt organisert logistisk operasjon.**



På plass med kaffen: Anne Selland frå Sveio

Dei 70 var nyleg kome attende etter lunsj og den vart naturleg nok servert i Systrene Nilsen som er ein del av 'konsernet'. Og apropos konsern: Det er naturleg nok familiens grand old lady Hjørdis som fredag klokka 12 skal klyppe tråden og markera at butikken er utvida. Ho tek til å bli van med å vera snorklyppar, for i fjor markerte ho Systrene Nilsen på same måten.





På plass med supper: Hanne Hillestad frå Oslo

Opninga blir ellers markert av Musikklaget som har trent skikkeleg for oppgåva. Det blir tale ved dageg leiar og ein representant for kjeden, men vi noterer oss at opninga blir fri for politikarar! Jazzverket frå Rosendal med forsterkningar frå Uskedalen skal ikkje i elden før klokka 17 men då veit vi at dei kjem sterkt,



På plass med kosmetikken: Elisabeth Vålen Ulvøy frå Tysvær og Claus Amundsen frå Oslo

Ut av det tilsynelatande kaos som pregar butikken akkurat no kjem det til å stå fram ein handelsstad prega av orden og god oversikt. Særleg er det grunn til å merke seg overskriftene under taket rundt heile lokalet.

Det er til dømes FRÅ MEIERIET, FRÅ SLAKTAREN, FOR KROPP OG VELVÆRE og LOKAL MAT. I så måte er SPAR Uskedalen eit pilotprosjekt for heile landet, fortel driftsleiar i SPAR Johan Ringdal som leiar operasjonen. Butikken her er den andre som blir utvida på stutt tid - den første var i Norheimsund

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen





SPAR Uskedalen er pilotprosjekt på design